



Nina Alver Fosse
Hjertåsvegen 57
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/589 - 23/6656

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2023

Ferdigattest pipe og ildstad - gbnr 310/223 Holme

Administrativt vedtak: Saknr: 090/23
Tiltakshavar: Nina Alver Fosse
Ansvarleg søkjar: Mjelde Bygg As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for pipe og ildstad i einebustad på gbnr 310/223.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.11.2009. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 18.01.2023.

Skildring

Adresse:	Hjertåsvegen 57
Bygningstiltak:	Einbustad
Bygningsnummer:	300106061
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/589

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Blikk Og Murforretning As	5918	FREKHAUG
---------------------------	------	----------

Mottakarar:

Mjelde Bygg As	Mjelddalen 85	5286	HAUS
Nina Alver Fosse	Hjertåsvegen	5918	FREKHAUG
	57		